



Veteranbåten Granvin ved kai i Uskedalen ein stille og varm junikveld i 1998. Båten kom med eit lag frå Sunde som skulle nyta kvelden på Vertshuset før dei drog attande utpå natta. Granvin har vore i Uskedalen ved fleire høve og fleire turar blir det. (Foto: Harald Sætre)

- Veteranskipsmiljøet på Vestlandet er raskt veksande og det er viktig at det også i framtida er kaiplass til båtane, seier uskedaling og veteranskipentusiast Harald Sætre til uskedalen.no

Om sommaren er han ofte med som mannskap på veteranbåtane som har tilhald i Bergen, Etter som åra går har han lagt merke til at det ofte er vanskeleg å koma til kai der det før var gamle dampskipsbryggje. Småbåtane overtek naturleg nok kaiplassane på permanent basis.

- Som eit lite innlegg i debatten om Uskedalen som ei framtidig turgistbygd, vil eg peika på at bygda framleis må ha ein kai sentrakt tilgjengeleg for litt større fartøy, seier Sætre.

Veteranskipsfåten omfattar no Granvin, Oster og Midthordland md fleire og snart kjem Stord I og Tysnes (søsterbåten til Granvin) i fart.

- Det hadde vore kjekt om det og i framtida var kaiplass i Uskedalen når ein av veteranbåtane tek turen inn fjorden, seier Sætre.

Av Ola Matti Mathisen